

Referat fra møte i Arbeidsutvalget 1. april 2011, kl. 09.30-14.20

Sted: Thon Hotel Opera, Oslo

Til stede frå Arbeidsutvalet:

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Olov Grøtting, Hedmarksregioner/kommuner
Arne Vinje, Vinje kommune
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

Forfall Arbeidsutvalet:

Olaug Grønseth Granli, Buskerudregioner/kommuner
Eivind Brenna, Opplandsregioner/kommuner
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune

Til stede frå administrativ arbeidsgruppe:

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune
Ann Marit Holumsnes, hovedsekretariatet (Hedmark FK)
Torunn H. Kornstad, hovedsekretariatet (HFK)

Forfall administrativ arbeidsgruppe:

Lars Hustveit, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Thrond Kjelle vold, Telemark fylkeskommune
Sissel Kleven, Buskerud fylkeskommune

Referent:

Ann Marit Holumsnes

Saksliste:

17/2011	Godkjenning av referat frå AU-møtet 24.02.11
13/2011	Endeleg godkjenning av handlingsplan for Fjellregionsamarbeidet (Saka utsett frå førre møte)
18/2011	Årsmelding 2010
19/2011	Rekneskap 2010
20/2011	Revidert budsjett 2011, budsjett 2012, økonomiplan 2012-14

- 21/2011 Rapport og rekneskap for European Mountain Convention
- 22/2011 Rådsmøtet 2011
- 23/2011 Oppfølging av arbeidet med fjellmat
- 24/2011 Arbeidet vidare med organisering av reiselivet i fjellregionane

Orienteringssaker

- 04/2011 Programmet for Årskonferansen 2011
- 05/2011 Referat frå styremøte i Euromontana 17.03.11
- 06/2011 Brev til moglege nye medlemar
- 07/2011 Brev frå Tine om Culturaproduksjon på Fosheim

10/2011 Godkjenning av referat frå AU-møtet 24.02.11

Det visast til referatet som er lagt ved frå møtet 24.02.11

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner referatet frå møtet 24.02.11.”

13/2011 Endeleg godkjenning av handlingsplan for Fjellregionsamarbeidet (Saka vart utsett på førre møte)

Torunn H. Kornstad gjekk gjennom Handlingsplanen som var revidert med bakgrunn i innspela frå Arbeidsutvalet på møte 14. januar 2011.

Arbeidsutvalet ble samde om å endre to hovudarbeidsområdar i handlingsplanen. Hovudarbeidsområda Reiseliv i fjellområda og Landbruk blei slått saman til eit hovudarbeidsområde -Næringsutvikling i fjellområda

Arbeidsutvalet la samtidig til punktet Fellesgodefinansiering som et konkret arbeidsområde under det nye hovudarbeidsområde.

Økonomiplanen som er knytt til Handlingsplanen vart diskutert i eiga sak (20/2011).

Arbeidsutvalet ønskjer å invitere USS på eit møte for å diskutere felles arbeidsområder. Hovudsekretariatet skal sjå på eventuelle møtearenaer.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner at handlingsplanen for 2011-14, med dei endringane som vart gjort i møte, blir lagt fram for Rådsmøtet.”

18/2011 Årsmelding 2010

Forslag til årsmelding for perioden 20.03.2010 – 31.03.2011 vart lagt ved innkallinga. Torunn H. Kornstad og Ann Marit Holumsnes gjekk gjennom årsmeldinga. Det vart spesielt trekt fram eigeninnsatsen til medlemmane både før og under European Mountain Convention. Det skal setjast inn bildar før Årsmeldinga blir lagt fram for Rådsmøtet.

Arbeidsutvalet vart samde om å ikkje binde årsrapporten til eit år(2010) men sei at det var ein perioderapport. Perioden vart endra til 20.03.2010 – 01.04.2011 for å inkludere det siste Arbeidsutvalsmøtet i rapporten.

Hedmark fylkeskommune og Oppland fylkeskommune skal finne ein felles timesats for å belyse dei faktiske kostnadane knyt til den løyva eigeninnsatsen knyt til European Mountain Convention.

Hovudsekretariatet skal samstundes setje en økonomisk verdi på dei 200 eigeninnsatstimane frå medlemmane under dei tre konferansedagane bruke denne timesatsen på. Dette for å vise at dei faktiske kostnadane knyt til konferansen er større en rekneskapet visar.

Jenny Følling kom til denne saka.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner årsmeldinga for perioden 20.03.2010 – 01.04.2011 med dei endringane som AU vart samde om i møtet.”

19/2011 Rekneskap 2010

Ann Marit Holumsnes la fram rekneskapen for 2010. Rekneskapen viste eit overforbruk på kr 255.000. I det reviderte budsjettet for 2010 vart det budsjettert med eit overforbruk på kr 733.000. Forskjellen skuldast at løyvinga til EMC på kr 500.000 ikkje vart belasta i 2010, men vil bli belasta i 2011 når rekneskapen for EMC er revisorgodkjent.

Det vart opplyst om at det vart gløymt å sende faktura til Hedmark fylkeskommune (kr 95.355) for medlemskontingent 2010. Denne fakturaen vil bli sendt saman med krevinga av medlemskontingent for 2011.

Svein Borkhus og Ann Marit Holumsnes skal undersøkje om renteinntekter for 2010.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner rekneskapen for 2010”

20/2011 Revidert budsjett 2011, budsjett 2012, økonomiplan 2012-14

Ann Marit Holumsnes gjekk gjennom revidert budsjett 2011, budsjett 2012, økonomiplan 2012-14.

Hovudsekretariatet fremma forslag om revidering av det vedtaka budsjettet for 2011 da løyvinga til EMC vart utsett til 2011. Fjellregionsamarbeidet skal også utbetale kr. 50 000 til Euromontana som vart løyva i 2010.

Da rekneskapet frå EMC ikkje var forventa å gje eit overskot, vart dette ikkje inkludert i budsjettet for 2011 som vart handsama i fjor.

Rekneskapet frå EMC viser eit forventa overskot på ca. kr. 770 000 viss ingen av dei økonomiske bidragsytarane reduserer si overføring pga. positivt resultat. Det forventa overskotet har blitt lagt til i det reviderte budsjettet for 2011.

Arbeidsutvalet vart samde om å opprette eit prosjektfond på kr. 500 000 av det potensielle overskotet frå EMC. Fondet skal brukast på prosjekt knyt til arbeidsområda som er vedteke i handlingsplanen for 2011-12(14) og skal ha eit eget rekneskap.

Medlemskontingenten frå Hedmark fylkeskommune for 2010 (kr 95.355) var ikkje lagt inn på dei utsende papira men Arbeidsutvalet ble presentert ein oppdatert økonomiplan under møtet.

Arbeidsutvalet meinte at Fjellregionsamarbeidet bør inkludere eit auke i medlemstale frå 2012 og ønskte å inkludere kr. 100 000 i økt medlemskontingent frå 2012.

Hovudsekretariatet presiserte at ved eit aukande medlemstal må ein vurdere om sekretariatsressursen bør aukast.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner at det reviderte budsjettet for 2011, budsjettet for 2012 og økonomiplanen for 2012-14 blir lagt fram for Rådsmøtet for endeleg handsaming.

Hovudsekretariatet skal opprette eit prosjektfond på kr. 500 000”

21/2011 Rapport og rekneskap for European Mountain Convention

Rapporten frå EMC har vori lagt fram for Arbeidsutvalet tidlegare. Det nye denne gongen var at det blitt tatt inn litt meir om eigeninnsatsen frå medlemane før og under konferansen.

Rekneskapen for konferansen viser eit førebels mogleg overskot på om lag kr 770.000, medan det reelt er eit underskot på kr 306.000 pr. 25.03.11. Dette skuldast at rekneskapen må vera avslutta før ein kan be om utbetaling av tilskota frå fylkeskommunane. Det kjem ei rekning til på om lag kr 25.000, for trykking og omsetjing av fagrappporten frå Euromontana (ikkje til norsk, men mellom fransk og engelsk).

Det er i rekneskapen ikkje lagt inn nokon kompensasjon for eigeninnsats ut over det som stod i opphavleg budsjett. Dette vil seia at dei reelle kostnadene for arrangørane og medlemmane er ein god del større enn det som kjem fram i rekneskapen. Dette blir synleggjort i rapporten.

Fjellregionsamarbeidet får eit reelt overskot på om lag kr 270.000, da kr 500.000 er eigenfinansiering.

Både rapport og rekneskap leggst fram for Rådsmøtet til orientering. Euromontana sin fagrapport blir lagt fram samstundes. Denne er nå ferdigskriven, men manglar layout og bilder.

Jenny Følling gjekk etter denne saka.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner Fjellregionsamarbeidet sin rapport og rekneskap for European Mountain Convention. Overskotet frå arrangementet blir overført til eigenkapitalen.

Rapporten og rekneskapen blir lagt fram for Rådsmøtet som ei orienteringssak, saman med Euromontana sin fagrapport.”

22/2011 Rådsmøtet 2011

Hovudsekretariatet la fram følgjande saksliste for Rådsmøtet, som blir arrangert i Lom 13. mai.

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Årsmelding 2010
4. Rekneskap2010
5. Handlingsplan 2011-14
6. Revidert budsjett 2011. Budsjett 2012 og økonomiplan 2013-14
7. Nye vedtekter for Fjellregionsamarbeidet
8. Orientering om European Mountain Convention, 15–17.september 2010, Lillehammer
9. Uttale om organisering av reiselivet i fjellregionane ???
10. Andre saker? (Kva med definisjonen av fjellområde og fjellkommunar?)

Arbeidsutvalet diskuterte om Fjellregionsamarbeidet skulle gje ei uttale om organisering av reiselivet i fjellregionane (sak 10 til rådsmøte). AU konkluderte med at Fjellregionsamarbeidet ikkje skulle gjeve ei for lukka uttale på dette tidspunktet. Organisering av reiselivet i fjellområda ligg som eit arbeidsområde i Handlingsplanen for 2011-12(14). Da satt opp som arbeidsområde i 2011 og 2011 med Oppland fylkeskommune som ansvarlege part.

Arbeidsutvalet bad Oppland fylkeskommune lage eit rammeverk innan årskonferansen og rådsmøte slik at det kunne være mogleg å gje ein uttale i etterkant av konferansen viss rådet ønskjer det.

Arbeidsutvalet ønska å gje ei uttale om “bygdeutvikling rundt villreinområda” og at dette skal inkluderas som eigen sak på rådsmøte.

Telemark fylkeskommune vart ansvarlege for den nye saka. Arbeidsutvalsmedlemene Lars Bjaadal og Arne Vinje skal lage ei ramme for uttala innan Årskonferansen og Rådsmøte.

Revidert saksliste:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av møteiar og sekretær
3. Årsmelding 2010
4. Rekneskap 2010
5. Handlingsplan 2011-14
6. Revidert budsjett 2011. Budsjett 2012 og økonomiplan 2013-14
7. Nye vedtekter for Fjellregionsamarbeidet
8. Orientering om European Mountain Convention, 15–17. september 2010, Lillehammer
9. Uttale om bygdeutvikling rundt villreinområda
10. Definerings av fjellområde og fjellkommunar. Kva vil Kommunal- og regionaldepartementet bruke rapporten til?

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner sakslista for Rådsmøtet 2011 med dei endringane som vart gjort under møtet”

23/2011 Oppfølging av arbeidet med fjellmat

Torunn H. Kornstad informerte om Fjellmatkonferansen på Geilo 7.-8. februar. Den var eit samarbeidsarrangement mellom Fjellmatsenteret, mange aktørar i Buskerud og Fjellregionsamarbeidet. På evalueringsmøtet etter konferansen hadde det vidare arbeidet med mat frå fjellområda vært eit viktig tema. På dette møtet deltok sekretær Torunn Kornstad frå Fjellregionsamarbeidet, Kay Bjerke, Sissel Kleven og Åge Sund frå Buskerud fylkeskommune og Knut Arne Gurigard frå Regionrådet for Hallingdal.

Referatet frå denne diskusjonen (skrivi av Tor Steigedal, Norsk Fjellmatsenter):

“Veien vidare:

Stiftelsen Norsk Fjellmatsenter og Fjellregionsamarbeidet ser for seg at arbeidet vidare kan deles i to hovedområder:

- *Fjellregionsamarbeidet tar den politiske delen av arbeidet, nasjonalt og internasjonalt. Det kreves oppfølging, forankring og motivasjon fra de fylkene som er med i fjellregionsamarbeidet, både på politisk og administrativt plan.*
- *Fjellregionsrådet* linker fokuseringa på fjellmaten opp mot matmeldinga som er på trappene.*
- *Stiftelsen Norsk Fjellmatsenter skal være iverksetter. Etter Fjellmatkonferansen har Fjellmatsenteret fått mye god omtale i media. Fjellmatsenteret tar rollen som nasjonalt kompetanse – og ressurscenter for fjellmat og fjellmatopplevelser.*
- *En forutsetning for å kommunisere effektivt er å ha forståelige begrep. Mange føler at “fjellmat” er litt uklart. Definisjonen må være enkel. Fjellmatsenteret jobber for å lage begrepsavklaring og finne riktig og fornuftig definisjon på fjellmat. (Her passer vel uttrykket “ det er komplisert å gjøre det enkelt”)*
- *Målet med arbeidet vidare er økt verdiskaping i fjellregionen*

Det kan oppnås gjennom:

- *- høyere pris på produktene*
- *– samarbeide, og produsere mere*

Virkemidlene er merkeordning og kvalitet. Det vi legger i god kvalitet skal ha høyeste prioritet. Vi må være krystallklare i dette, og ikke gå på akkord med kvalitetskravene. Fjellmatsenteret vil ta en rolle som pådriver og koordinator for kvalitetssikringen av fjellmat. Merkeordningen “beskyttede betegnelser” er et verktøy i dette arbeidet.

- *For å nå målet med økt verdiskaping i fjellregionen, er det en forutsetning at overbygningene fungerer, slik at når tiltakene kommer, vil de falle på plass i et system som er klart til å ivareta disse.*
- *For Innovasjon Norge er det av betydning at tiltakene ikke blir for snevre, men at de går over regioner.*
- *Bondeorganisasjonene, Norges Bondelag og Norges Bonde og Småbrukarlag arbeider mot samvirkebedriftene de eier, og politisk opp mot de sentrale politiske myndighetene.”*

** Skal vera Fjellregionsamarbeidet*

I handlingsplanen er lokalmat frå fjellområda tatt med som ei satsing i 2011, m.a. fordi at FRS var medarrangørar av Fjellmatkonferansen. Hallingdal er sett opp som ansvarleg. Den langsiktige handlingsplanen viser bare dei områda som hovudsekretariatet og AU har ansvaret for, så fjellmatsatsinga står ikkje nemnt der.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”I det vidare arbeidet retta mot mat produsert i fjellregionane ser Arbeidsutvalet at Norsk Fjellmatsenter bør ta på seg ei samlande og koordinerande rolle for fjellmatprodusentane.

Senteret kan også tilby kompetanseheving, og hjelpe til med organisering av distribusjonen og andre praktiske utfordringar.

Fjellregionsamarbeidet vil følgje opp det politiske arbeidet, og da særleg knytta opp mot den nye landbruks- og matmeldinga, som blir lagt fram i 2011. Fjellregionsamarbeidet vil fokusere på moglegheitene som produkt frå fjellregionane har, knytta til vilkåra for matproduksjon i desse områda.

Definisjonen av kva som er “fjellmat” bør skje i eit samarbeid mellom Fjellmatsenteret, Fjellregionsamarbeidet og andre relevante aktørar.

Arbeidsutvalet viser til referat frå evalueringsmøte i Drammen 04.03.11 for meir detaljert arbeidsfordeling mellom Fjellregionsamarbeidet og Norsk Fjellmatsenter.”

24/2011 Arbeidet vidare med organisering av reiselivet i fjellregionane

Hovudsekretariatet hadde ikkje kapasitet til og gjere noko forarbeid til dette punktet. Dette vart det opplyst om i utsendinga av saksgrunnlaget.

Orienteringssaker

04/2011 Programmet for Årskonferansen 2011

Torunn H. Kornstad gjekk gjennom programmet for Årskonferansen.

05/2011 Referat frå styremøte i Euromontana 17.03.11

Svein Borkhus refererte frå styremøte i Euromontana den 17. mars i Brussel.

I møtet ble styresamansetninga diskutert. Dette er ein diskusjon medlemmane frå Norge har fremma. Konklusjonar i møtet var:

- Maksimalt 30 styremedlemmar i styret
- Maksimalt 4 styremedlemmar frå eit land

Den økonomiske situasjonen i Euromontana vart diskutert i forbindelse med gjennomgangen av rekneskapet. Korleis skal Euromontana finansierast vidare? Dette spørsmålet vart utsett til neste møte, 27. juni.

06/2011 Brev til moglege nye medlemmar

Hovudsekretariatet informerte at det vart sendt ut brev til potensielle medlemmar 31. mars.

Arbeidsutvalet ønska at Rogaland og Agderfylka skulle få ein invitasjon.

Dette vart gjort 050411.

07/2011 Brev frå Tine om Culturaproduksjon på Fosheim

Torunn. H. Kornstad las opp brevet frå Tine angående Culturaproduksjon på Fosheim.